

Ordensreglementet for Tryggheim ungdomsskule

Kapittel 1: Heimel, formål og verkeområde

Friskulelova § 3-9. Ordensreglement og liknande

Kvar skule skal ha eit reglement med reglar om elevane sine rettar og plikter så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet, og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Reglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast. Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising eller tap av rettar, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

1.1 Heimel

Ordensreglementet er utarbeidd med heimel i Friskulelova av 4.juli 2003, sist endra 1.aug 2016

1. Tryggheim ungdomsskule skal ha eit ordensreglement som ivaretek omsynet til rettar og plikter for elevane i skulen. (Friskulelova § 3-9)
2. Endringar av ordensreglementet skal godkjennast av styret ved Tryggheim skular.

1.2 Føremål

Ordensreglementet skal leggja grunnlag for mest mogleg lik behandling av alle elevane på område som er viktige for dei og for skulesamfunnet sett under eitt.

Reglementet skal hjelpa til å gjera det klart kva for plikter og rettar elevane har og skal gjera det lettare for elevane å ta ansvar for seg sjølve. Elevane skal og kunne kjenna seg trygge på at det ikkje vert gjort negative vedtak mot dei på anna grunnlag enn det som ordensreglementet heimlar.

Føremålet med ordensreglementet er å fremja samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for kvarandre. Reglementet skal fremja god orden og gode arbeidsvanar slik at læringsmiljøet blir best mogleg.

1.3 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld for alle elevar ved **Tryggheim ungdomsskule**. Skulen har ansvar for elevane i undervisninga, under arrangement, på ekskursjonar turar der elevane er under skulen si leiing. Dette inneber at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde, på skulevegen og når elevane har undervisning på andre stader enn på skulen sitt område. Ordensreglementet gjeld og når elevane er utanom skulen sitt område som til dømes i midttimen.

I tillegg til dette gjeld og ordensreglementet ved nettbruk både i og utanfor skuletida. Dette kan f.eks. vera trugsmål eller andre hendingar som vil ha direkte betydning for elevane sin skulekvardag.

Det kan ikkje vikast frå Friskulelova og forskrift til Friskulelova i skulen sitt eige ordensreglement. Dersom det ikkje er samsvar går Friskulelova og forskrift til Friskulelova framfor ordensreglane til Tryggheim ungdomsskule.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane, føresette og tilsette kvart år når skuleåret byrjar. Ordensreglementet skal drøftast årleg i skulen sitt rådsorgan og skal alltid vera tilgjengeleg på skulen sine nettsider.

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

Reglane som er nemnde nedanfor er vurderingskriterie for karakteren i orden og åtferd.

Kapittel 2. Reglar.

Tryggheim ungdomsskule er ein læringsarena og arbeidsplass for unge og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er og korleis det vert utvikla.

Elevane skal kunne forventast at skulen gir hjelp, støtte og rettleiing. Alle skal møtast med tillit og respekt. Elevane skal ha jamleg tilbakemelding på eiga læring og utvikling, vurdering med og utan karakter. Dei skal vera aktivt med i opplæringa.

Elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet og visa god folkeskikk. Som elev har ein difor både rettar og plikter ein skal fylgja.

2.1 Reglar for god orden og åtferd

Orden	Åtferd
<p>Elevene skal ha god orden. Det er god orden å</p> <ul style="list-style-type: none">- Møte presis på skulen og til undervisninga- Ha skulesakene i orden- Ha med nødvendige læremiddel og utstyr- Gjere arbeid ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid- Halda klasserommet i orden (avfallssortering)-	<p>Elevene skal ha god åtferd. Det er god åtferd å</p> <ul style="list-style-type: none">- Vera hyggeleg og høfleg mot kvarandre- Vera roleg i timane- Ikkje banna eller bruka anna grovt språk- Ikkje mobba eller på andre måtar krenkja andre fysisk, verbalt eller digitalt- Ikkje vera valdeleg eller kome med trugsmål- Ta vare på skulen sine bygningar og eigedelar- Visa respekt for andre sine eigedelar- Ikkje røykja, snusa eller vera påverka av rusmidlar- Snakka sant og stå for sine handlingar- Ikkje knuffa mot kvarandre, korkje inne eller ute- Ikkje ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område- Ikkje fuska eller forsøke å fuska på prøver eller innleveringar- Å vera på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen

Referer til fleire presiseringar for god orden og åtferd i kap. 2.7.

2.2 Forbod mot krenkjande ord og handlingar

Det er forbode med krenkjande ord eller handlingar. Med dette meiner ein ord eller handlingar som blir oppfatta som ubehagelege for dei som blir utsette for krenkingane.

- **Vald**
Vald er aggressive handlingar som er gjort med tanke på å utøva skade, smerte eller audmjuking på annan person. Vald kan vera anten fysisk eller psykisk.
- **Trugsmål**
Trugslar kan koma fram ved t.d. ord, handlingar, via sosiale medium, direkte eller via andre.
- **Mobbing**
Ein person blir mobba når han eller ho, gjentekne gonger og over tid, blir utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar. Mobbing krev ei viss ubalanse i makt- og styrkeforholdet. Episodar som skjer berre ein gong, kan og ha karakter av mobbing.
- **Diskriminering**
Diskriminering vil seia at ein person blir dårleg behandla eller trakassert, til dømes på grunn av kjønn, seksuelle kjensler, funksjonsnivå, tru, hudfarge, nasjonal eller etnisk opphav. Diskriminering kan vera direkte eller indirekte.

Direkte mobbing kan vera fysisk mobbing med slag, spark eller verbal mobbing med skjellsord, krenkjande og hånlege kommentarar eller trugslar.

Indirekte mobbing er sosial mobbing som til dømes utestenging, ryktespreiing eller liknande. Å bli frosen ut , å ikkje få vera med i veneflokken og å bli baksnakka, er og indirekte mobbing og går ofte under omgrepet "skjult mobbing"

2.3. Rusmiddel

- Det er forbode å ta med, bruka og omsetja snus, tobakk, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel eller helsefarlege stoff på skulen sitt område.
- Det er ikkje lov å vera påverka av rusmiddel i skuletida.

2.4. Reglar for bruk av mobiltelefon og digitalt utstyr

- Når du kjem på skulen skal mobilen låsast inn i mobilhotellet i klasserommet. Mobiltelefon tek ein med på eige ansvar. Telefonen skal vera skrudd på lydlaus eller heilt av.

- Personalet kan gje lov til å bruka mobiltelefon i undervisningstida når dette skjer i samanheng med undervisning.
- Det er forbode å bruka mobiltelefon til skade for elevar eller personale.
- Det er ulovleg å ta bilete, filma og ta lydopptak av personalet og elevar utan samtykke frå den det gjeld. Det krevst og samtykke for å senda og publisera bilete, film og lyd av tilsette eller elevar vidare til andre.

2.5. Fråvær

- Ved fråvær skal foreldre/føresette, så snart som råd, melda til skulen (kontaktlærer) om at ungdommen deira er sjuk.
- Når det er forsvarleg, kan leiar innvilga søknad om fritak frå undervisningsplikta for elevar i inntil to veker. Foreldra må søka i god tid før fritaket startar. (Friskulelova § 3-13)

2.6 Trafikktryggleik

- Tryggheim ungdomsskule ynskjer å vere ein trafikksikker skule og har mellom anna ein **Lokal plan for trafikktryggleik for Tryggheim ungdomsskule**. Denne regulerer trafikktryggleik og andre førebyggjande tiltak.
- Det er foreldre/ føresette til den einskilde elev som avgjer korleis eleven kjem seg til skulen og kva trafikktryggleikstiltak ein nyttar (t.d. bruk av hjelm).
- Elevane kan nytta sparkesykkel/skateboard og liknande til og frå skulen, i tillegg kan elevane nytta sparkesykkel i friminutta på anviste plassar. Då skal elevane alltid bruka hjelm.

2.7 Oversikt over reglar / prosedyrar som og vil ha betydning for orden og åtferdskarakteren....

- Reglar for plantimar
- Reglar for tentamen / heildagsprøvar
- Reglement for PC bruk og leigeavtalen
- Handlingsplan mot mobbing
- Presiseringar for orden og åtferd i skuledagen
- Plassering i møtesalen
- Hugseliste ved skulestart

Kapittel 3. Sanksjonar

3.0. Generelt om sanksjonar

Alle brot på skulen sitt reglement kan bli notert og vera grunnlag for vurdering i orden og åtferd. (Merknad)

Alle sanksjonar skal vera slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Det skal alltid vera samsvar mellom eleven si åtferd og skulen sine sanksjonar. Skulen si vurdering av kor alvorleg hendinga er, skal liggja til grunn for sanksjonen i kvart enkelt tilfelle. Tiltak bør koma så nær regelbrot i tid som mogleg.

Fysisk refsing og anna krenkjande behandling skal ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje arbeid i samband med rydding, vask og / eller reperasjonar etter seg sjølv eller andre.

Det er ikkje høve til å nytta kollektiv straff for ei gruppe elevar for handlingar utført av einskildmedlemmar. Elevar pliktar å overhalda pålagde sanksjonar. Om det ikkje skjer kan det føra til nye sanksjonar.

Når det i akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skada seg sjølv eller andre, vil det vera naudsynt å stansa eleven, eventuelt skilja eleven frå resten av gruppa og plassera eleven i eit eige rom med tilsyn for ein kortare periode. Når eit slikt tiltak blir gjort skal leiar og foreldra varslast straks. Skulen må dokumentera slike tiltak i elevmappa.

3.1. Sanksjonar

- Eleven kan få tilsnakk av lærar eller andre tilsette ved skulen.
- Samtale i eller etter skuletid.
- Eleven kan få skriftleg melding med heim.
- Eleven må ringja heim til foreldra og gjera greie for kva han eller ho har gjort.
- Eleven kan påleggjast å vera med på samtale med skulen si leiing, kontaktlærar/sosiallærar evt. andre tilsette/vaksne ved skulen og/eller dei involverte partar.
- Eleven og skulen kan inngå ein gjensidig forpliktande avtale.
- Skulen kan beslagleggja ein gjenstand for resten av dagen, overlata gjenstanden til eleven sine føresette eller overlata gjenstanden til politiet.
- Eleven sine pausar/friminutt kan bli særskilt regulerte.
- Eleven kan flyttast til ei anna gruppe eller gjera andre oppgåver utanfor eiga gruppe.
- Eleven kan påleggjast å vera på skulen før/etter skuletid for å trygga andre elevar eller for å ta igjen tapt arbeid.
- Tap av andre gode kan nyttast dersom leiar finn det høveleg.
- Leiar kan avgjera at eleven blir teken ut av klassen for ein kortare periode for å vera ein annan stad med tilsyn og eventuelt med undervisning.
- Eleven kan måtte reparera, rydda eller vaska etter seg eller andre ut frå alder og modningsnivå.
- Eleven sine føresette kan haldast erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslova §1-2 for inntil kr. 5 000, jf. skadeerstatningslova §1-1.

- Dersom ein elev bryt regelen som omhandlar fusk, blir oppgåva annullert og karakteren i åtferd kan bli sett ned.
- Ved alvorlege brot på reglane, kan skulen politimelda saken. Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, kan leiar be politiet om hjelp. Føresette til elevane skal, dersom det er mogleg, varslast munnleg når det blir teke kontakt med politiet.
Skade på skulen sin eigedom vil kunne verta meld til politiet.
Straffbare forhold mot person vert som hovudregel melde av den som er utsett for forholdet – den som er fornærma.

3.2. Bortvising og enkeltvedtak

- Ved grunn til mistanke om brot på skulen sitt ordens- og åtferdsreglement kan skulen si leiding kalla inn til samtale og utspørjing kring eleven sitt kjennskap til hendinga. Skulen si leiding kan også gjennomføra undersøkingar på skuleområde (inkludert elevskap). Skulen kan og be føresette om løyve til å gjennomføra kontroll av lommer i klede, sekkar eller ranslar. Om mogleg skal føresette til elevar gjevast høve til å vera til stades ved eventuell kontroll.
- Ved alvorlege eller gjentekne brot på reglementet kan elevar visast bort frå undervisninga i inntil 3 dagar. Leiar vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir fatta vedtak, skal eleven ha fått moglegheit til å forklara seg munnleg og ein skal ha vurdert andre hjelpetiltak og sanksjonar. Føresette må varslast. (Når det gjeld sakshandsaminga og dei rettane og pliktene som eleven, foreldre/føresette og skulen har, viser ein til Friskulelova § 3-9 og 3-10 og Forvaltningslova kap. IV, V og VI.
- Eit vedtak om bortvising frå undervisninga for opptil to klokkeimar er ikkje å rekna som eit einskildvedtak etter forvaltningslova §2. Vedtaket kan difor ikkje påklagast.
- Vedtak om bortvising av elevar for meir enn to klokkeimar reknar ein som eit einskildvedtak som kan påklagast.
- Elevar som utøver vald kan bortvisast frå undervisninga dersom vilkåra for bortvising er oppfylt, jf. Friskulelova § 3-10. Skulen er plikta til å vurdere andre sanksjonar før ein vel å bortvisa elevar. Avgjerda må fattast av leiar og i form av einskildvedtak.
- I saker som omhandlar det psykososiale miljøet (Jfr kap. 2.6 handlingsplan mot mobbing) må det også fattast vedtak om einskildvedtak.

Eleven skal ha moglegheit til å forklara seg munnleg for leiar før einskildvedtaket vert fatta.

Eleven/foreldre har klagerett til Departementet ved Fylkesmannen i Rogaland.

Kapittel 4. Nødverje

Personalet har ein særleg plikt til å syna omsorg for elevane på skulen. Personalet vil difor ikkje berre ha rett, men og plikt til å gripa inn for å hindra at elevar skader eller plager andre elevar eller skader seg sjølve eller skulen sin eigedom. Straffeloven § 47 og § 48 om naudrett og naudverje gjer ei opning for at skulen sitt personale kan nytta fysisk makt til å stoppa elevar som slåst, hindra at eleven skadar seg sjølv eller andre, eller skulen sin eigedom, og til å verja seg mot elevar som opptrer truande eller valdeleg.

Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melda frå til leiar og til foreldre/føresette.

Kapittel 5. Karakterar i Orden og i Åtferd

Ordensreglementet er utgangspunkt for elevane sine karakterar i Orden og Åtferd. Ved brot på dette reglementet kan hendinga verta notert som ein merknad. Ved slutten av kvar termin vert det teke ei vurdering av desse merknadene i eit eige karaktermøte og ut frå dette får elevane karakterane sine. Karaktermøtet består av alle som deltek på personalråd. Karakterane ein kan få er (Forskrift til Friskulelova § 3-6):

- **God:** Vanleg god orden og vanleg god åtferd.
- **Nokså god:** Klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd.
- **Lite god:** I ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd.

Når den avsluttande karakteren (standpunktkarakteren) i Orden og i Åtferd vert sett, ser ein på karakterane frå alle terminar. Utvikling over tid samt vurderingane frå 10.trinn vil verta mest vektlagde. Det vert også ført eigen protokoll over merknader i fusk plagiat og mobbing for alle tre åra på ungdomsskulen. Ved gjentekne brot kan eleven bli sett ned i åtferd i 10. klasse.

Standpunktkarakteren i Orden og i Åtferd kan påklagast, med ein klagefrist på ti dagar rekna frå tidspunktet føresette/eleven har teke imot brevet jf. Fvl. §§ 28 og 29. Ei eventuell klage må vera skriftleg og grunngjeve jf. Fvl. §§ 30 og 32. Om ikkje skulen tek klagen heilt eller delvis til følge, vil klagen verta sendt Fylkesmannen i Rogaland. Dersom klagen vert teken delvis til følge, vil eit nytt vedtak med ny klagefrist vera sendt dykk. Fylkesmannen si avgjersle er endeleg og kan ikkje påklagast. Føresette/eleven har, med visse unntak, høve til å sjå dokumenta i saka, jf. Fvl. §§18 og 19.

Ordensreglementet for Tryggheim ungdomsskule er vedteke av styret for Tryggheim skular oktober 2020.